

**Fryktar stor støvplage**

02.02.2010

**I ei uttale til sandtak-planane skriv Anne Marie Aksnes og Svein Ottar Rørheim at dei fryktar at den fredelege og fine dalen blir lite attraktiv å bu i hvis planane blir realiserte. Dei trur det vil bli stor støvplage frå sikteverk og peikar også på at bilane får sand og evje på dekka og det blir liggjande igjen på vegen og tørka.**

Ved stor trafikk vil det til alle døgnets tider vera støv som virvlar opp. Dette kjem på klær, hus og vindauga. Ein kan ikkje ha dører og vindauga ope. Aksnes og Rørheim opplysar at det virvlar støv frå sandtaket også no når det bles frå Børsdalen. Dei har born som sykklar på diverse arrangement og meiner vegen er altfor smal og dårleg til å ta i mot tungtransport.

Dei peikar også på at mange nyttar vegen til turridding og køyring med hest. Trafikk med mange tunge bilar vil gjera det vanskeleg for ungdommen som vil nytta hest som fritidsaktivitet. Hestar er vare for høge lyder og blir lett skremte. I tillegg til smal og uoversiktleg veg kan dette føra til farlege situasjonar.

Av Ola Matti Mathisen